



Vår ref.: 2019/1179-89

Dato: 20.01.2020

## Avgrensa offentlig ettersyn

### Detaljregulering for Børnes næringsområde - 134/34 m. fl.

#### PlanID 20190006

### Varsel om endring av plangrense


I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, varslar kommunen med dette utviding av plangrense for detaljregulering for Børnes næringsområde, 134/34 m.fl., PlanID 20190006. Varsel om oppstart er tidlegare kunngjort i Kvinnheringen 28.6.2019, og partar er tidlegare varsla i eige brev.

Nytt varsel er no sendt på avgrensa høyring til råka grunneigarar, Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune som fylkesvegmynde.

Hovudmålet med planen, regulering av Børnes næringsområde, er det same som i varsel om oppstart i juni. I prosessen har kommunen med bakgrunn i trafikkisikring, sett behov for å utvide plangrensa for å regulere følgjande:


1. Areal aust for fylkesvegen for å regulere areal for busslomme og trygging av mjuke trafikantar langs fylkesvegen.
2. Regulere areal som opnar for punktutbetring av sving vest i området. Planområdet er difor utvida vestover for slik å tilpasse kurvatur til dagens køyrebane.
3. For å gjennomføre utbetringar langs fylkesvegen er det behov for å regulere areal til mellombels anleggs- og riggområde. Mellombels anleggs- og riggområde er areal som vil vera disponibelt i anleggsfasen, men som skal tilbakeførast til eksisterande arealføremål etter avslutta anleggsarbeid.

Det detaljerte arealbehovet for tiltaka i punkta ovanfor er ikkje avklara enda. Verknadane for varsla eigedomar vil bli skildra i planframlegget ved offentleg ettersyn av planen.



*Utsnitt som syner tidlegare varsla planavgrensing i svart, og ny planavgrensing i rosa.*

Nytt planområdet vert 234,9 daa mot tidlegare 228.7 daa. Endring av plangrensa omfattar deler av eigedomane: 134/1, 2, 4, 5, 8, 11, 13, 15, 16, 19, 20, 23, 26, 41, 46, 48, 49, 53, 69, 73, 74, 81 og 87.



*Figur som syner ny planavgrensing*

**Medverknad og merknadar**

Innspel og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal,

eller e-post: [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

**Frist for innspel er 14.02.2020**